

Slik går du fram når du skal stemme på papir:

Kyrkjevalet er to val: val til sokneråd og val til bispedømeråd og Kyrkjemøtet.

I alle vallokala skal det vere ein stad der du i einerom og usett kan velje dei stemmesetlane du vil ha, og gjere endringar. Dette kan til dømes vere eit valavlukke eller eit eige rom.

I avlukket

- 1 Vel stemmesetlane du vil bruke, éin per val. Du kan stemme ved eitt val eller begge vala.
- 2 Gjer eventuelle endringar på stemmesetlane, sjå under.
- 3 Brett stemmesetlane så ingen kan sjå kva du har stemt.

Hos valfunksjonæren

- 4 Du må vise legitimasjon. Valfunksjonæren kryssar deg av i manntalet og stemplar stemmesetlane.
NB! Stemmesetlane må ha stempel for å bli godkjende.
- 5 Legg stemmesetlane i valurna.

Endringar på stemmesetelen


A

Du kan levele stemmesetelen utan å gjere endringar. Kandidatar som står øvst på lista med uthøva skrift, får stemmetillegg. Alle andre på lista får éi stemme kvar.



B

Du kan gi inntil tre kandidatar personstemme ved å setje merke ved namnet til kandidaten.



C

Ved val til bispedømeråd kan du gi stemma di til inntil tre kandidatar frå andre lister. Ved val til sokneråd med éi liste kan du skrive opp inntil tre valbare personar i soknet.

